

Fyrstkomande laurdag vil Tex Willer Band stå for musikken i Dønhaugkjedlaren. Bandet består av Kåre Audun Holm og Trond Klas Betten, som spelar akustisk gitar og syng.

Duoen har eit breidt repertoar som bl.a. rommar artistar som Stones, Cash, Kizz, Dylan, Big Bang, Waterboyes og mykje , mykje. meir!

Med lang erfaring og og alltid godt humør har desse karane lagt grunnlaget for mange hyggelege musikk-kveldar rundt omkring i Norge.

Begge vart fødd og har vakse opp på Smøla på Nordmøre.

Medan Kåre Audun har busett seg på heimstaden, har Trond Klas (34) gjort kvinnhering av seg. Det skjedde for tre år sidan då han flytte til Husnes. Han manglar eitt år på ferdig lærarutdanning.

Trass dei mange mil mellom Smøla og Kvinnherad, treff Kåre Audun og Trond Klas kvarandre både titt og ofte for å spela saman, og då boblar spelegleda over!!

Trond seier til Kvinnheringen at han ønskjer å driva med musikk på profesjonelt vis, ikkje som utøvande musikar men som formidlar og arrangør i firmaet Phantom Artist. Han har leigd kontor i Kvinnheringens tidlegare hus på Husnes og har allereie 50 band i 'stallen'.

Forretningsideen er tredelt: Booking er eit hovudområde, som inneber at han skaffar oppdrag kor som helst for band og artistar som han har avtale med.

Av dei 50 er til dømes EDO, Lucky Lew og hans eige band frå Bergen, Novo Caine. Betten har mange år bak seg i denne gruppa.

Han legg vekt på å finna korrekt musikk til kvart einaste arrangement.

Del to går ut på å vera arrangør sjølv, eventuelt i samarbeid med andre, og her kjem Betten si målsetting om å gjera Husnes meir attraktiv på kulturfronten inn i biletet. Han ønskjer ikkje minst å arrangera konsertar utanom ferie- og høgtider.

Del tre er å hjelpa fram ukjende artistar til suksess.

Men denne laurdagskvelden kan du altså oppleve Betten som utøvande musikar, saman med kameraten og kollegaen frå Smøla.

Så har du lyst på ein god laurdagskveld no før jul med hygge, godt humør, god musikk og ein spesiell atmosfære, så er du hjarteleg velkomen til Dønhaugkjedlaren med Tex Willer Band.

Av Magne Huglen og Ola Matti Mathisen